



Ordføraren sitt hjørna – mai 2009 nr 2

Vinteren er over for denne gongen. Det var ein bra vintersesong med mykje folk, og skatteinngangen til Hemsedal kommune har vore bra. Me ligg litt over budsjett. Det er eit signal på at det er bra sysselsetting, noko også oversikten over talet på arbeidsledige syner. Det er svært få utan arbeid i Hemsedal. Folketalet har også auka litt, slik at me pr. 1. april var 2017 hemsedøler. For fyrste gong kryssa eg av for kommune mellom 2000 og 5000 innbyggjarar på eit skjema eg sende inn i går. Det er gledeleg at folketalet stig, og at me har ung befolkning. Neste telledato 1. juli er grunnlaget for rammetilskot og skattefordeling for året 2010.

Det har vore mykje skriving om vegstandard dei siste åra. Det er ikkje rart, for standarden har vorte jamnt dårlegare år for år. Den aukande trafikken slit hardt på asfaltdekke og vegbane, noko som sjølvstapt også er tilfelle på Rv 52. Regjeringa har kome med fleire tiltakspakker og der er det auka i løyvingane til vegvedlikehald. I sommar vil det bli lagt ny asfalt på litt over 5 km i stigningane opp frå Gol og gjennom Ulsåk sentrum. Her vil me prøve å få Statens Vegvesen til å godkjenne ei fartshomp på fotgjengarovergangen ved Kiwi. Dette fordi det blir køyrt med for stor fart gjennom sentrum og forbi krysset til Lykkjavegen. Noko bør gjerast for å betre tryggleiken for både gåande og køyrande.

Det blir full opprusting av vegen frå Grønlibrua og mot Gladhus. Så blir det nytt dekke frå Bjøberg mot Storeskar. Noko skjer på riksvegen vår, heldigvis. Av fylkesvegane i kommunen ser det ut til at det blir opprusting på ein del av Thorsetvegen. Kommunen skal fortsetja asfalteringa på Grøndalsvegen.

Kommuneplanarbeidet går framover. Planarbeid blir meir og meir krevjande. Det er stadig nye krav til dokumentasjon på at alle vurderingar i høve til miljø, trafikk, flaum, skred og energibruk er gjort. Dette er pålegg frå "sentrale styresmakter" som kommunane er pålagt å følgje. No når ny plan og bygningslov trer i kraft frå 1. juli skal det bli endå verre å dispensere frå kommuneplanen, slik at kravet til innhaldet i planen er større enn nokon gong. Dette synest eg lammar utviklinga i kommunane. Hallingdølen har synleggjort dette med eksempel frå nesten alle kommunane i Hallingdal den siste tida. Mange gode tiltak kan bli drepne av plankrava. Intensjonen med lovendinga er det motsette; å ha meir tydelege og "forutsigbare" planer.

Framlegget til arealdelen i kommuneplanen vår vil vera ferdig på slutten av dette året, slik at den kan leggjast ut til høyring då. Sentrale innspel no er eventuell utvikling i Røggelia, og areal for hyttebygging i heile kommunen. Til det siste er det kome inn mellom 30 og 40 innspel. Elles er nye bustadfelt nødvendige å få lagt inn, og me leitar for å finne eigna plass for steinbrudd. Dette er ein plan som skal sjå 12 år framover, men skal reviderast helst kvart 4. år. Slik sett er kommuneplanarbeidet ein kontinuerleg prosess, men det er siste vedtekne plan me må styre etter.

Helsing

Oddvar Grøthe
ordførar